

SKULEFRÅVÆRPLAN

3. HJELPE VED SKULEFRÅVÆR

Dersom ein er bekymra for fråværet til eleven

Skulen inviterer elev og foreldre til samarbeidsmøte:

- Bruk *Samarbeid ved skulefråvær* saman med eleven sine foreldre.
- Bruk *Kartlegging av skulesituasjonen, Mål og tiltaksplan* og vurder også å lage *Trapp*.
- Bruk *Borte frå skulen* saman med eleven, og vis den gjerne i klassa etter avtale med eleven som har fråvær.
- Finn ut kven som bør ha rolla som hovudstøttespelar for eleven.
- Vurder å kontakte *andre som kan hjelpe*.

2. FORHINDRE SKULEFRÅVÆR

Dersom skule eller heim fangar opp tidlege teikn som kan utvikle seg til skulefråvær om det ikkje blir gjort noko med situasjonen

Skulen inviterer elev og foreldre til kartleggingsmøte uavhengig av skulen si eiga vurdering av korleis eleven har det på skolen:

- Sjå gjerne *Oppdage og forhindre skulefråvær* før møtet.
- Bruk *Kartlegging av skulesituasjonen* for å finne ut om det er noko som bør endrast for å hjelpe eleven
- Jobb systematisk med *Mål og tiltaksplan* til eleven trivast og har det bra.
- Vurder om det er *andre som kan hjelpe* allereie no

1. FØREBYGGJE SKULEFRÅVÆR

Slik jobbar vi for god trivsel og læring, og for å unngå at elevar utviklar skulefråvær

- Vi jobbar systematisk gjennom året med trygt og godt skolemiljø
- Vi førebyggjer mobbing blant anna gjennom kurset *Aktivitetsplikta i praksis*
- Vi jobbar for *Universell utforming for nevrodivergente barn og unge*
- Vi har sett *Oppdage og forhindre skulefråvær* for kunnskap om skulefråvær
- Vi registrerer og følger opp fråvær som skildra av Udir
- Vi oppfordrar foreldre til å ta tidleg kontakt dersom dei ser tidlege teikn som gjer dei urolege